

RADØY KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Formannskapet	15.03.2012	033/12	LTA

Avgjerslemynde: Formannskapet Sakshandsamar: Leif Taule	Arkiv: K1-223 Objekt:	Arkivsaknr 12/540
--------------------------------------------------------------------------	----------------------------------------	-----------------------------

KOMMUNALE MIDLAR TIL NÆRINGSUTVIKLING OG MARKNADSFØRINGSTILTAK

Saksutgreiing:

Radøy kommune har opp gjennom åra sett av ein del midlar i dei årlege budsjetta til næringsføremål. Summen har i dei fleste åra vore om lag kr 500 000,-. Dei siste åra har imidlertid det årlege tilskotet til Nordhordland Reiselivslag (ca 100 000 kr) vore dekkja av desse midlane. Frå 2012 fell dette tilskotet bort etter at Radøy saman med Lindås og Meland kommunar er utmeld av reiselivslaget. I dei åra kommunen har hatt høve til det (dvs. hatt rekneskapsmessig mindreforbruk), har midlane som ikkje har vore nytta i budsjettåret, vorte avsett til fond. Næringsfondet er pr 31.12.2011 på kr 456 000,-. Vanskelege økonomiske år har imidlertid gjort at midlane til næringsføremål i enkelte år har falle ut av budsjettet.

Opp gjennom åra har kommunen hatt fleire vedtekne retningslinjer for bruk av desse midlane utan at desse retningslinjene har vore særlege tenlege for bruken. I mange år vart det gjeve tilskot av ulik storleik til oppstarting av nye verksemder og til utvikling av eksisterande verksemder. Når det gjeld oppstartingstilskot, ser rådmannen det slik at desse tilskota ikkje har hatt noko innverknad på om verksemda vart starta opp eller ikkje – tilskota var nok meir ein ”psykologisk” faktor/gest frå kommunen si side. Tilskot til vidareutvikling av eksisterande verksemder kan nok for enkelte sitt vedkomande, ha hatt ei viss betydning for å ta eit nødvendig løft.

I budsjettdokumentet for 2010 vart etter føregåande drøftingar i formannskapet, lagt føringar for at midlane til næringsføremål primært skulle nyttast til innovasjon, planverk og infrastruktur. Tilskota til enkeltverksemder fall såleis bort frå 2010.

Rådmannen ser det slik at dei midlane til næringsføremål som ein maktar budsjettmessig å setja av, framleis bør gå til infrastrukturtiltak og tilrettelegging for næringsutvikling. I denne samanheng tenkjer ein på nødvendig planarbeid (t.d. Olsvollstranda og Manger sentrum), men ikkje minst til utvikling av Manger senter. Dette siste må vera ei prioritert oppgåve i bruk av midlane. Det bør likevel vera ei opning for tilskot til nødvendige bedriftsutviklingstiltak for verksemder i ein vanskeleg situasjon.

Når det gjeld årlege løyvingar til næringsføremål, bør det vera ei målsetjing om minst kr 500 000 pr. år. I tillegg bør det årleg setjast av midlar t.d. kr 150 000 til ulike marknadsføringstiltak som har betydning for kommunen, og som kan bidra til at fleire reisande kjem til Radøy. Til no har det vorte nytta næringsfondsmidlar til denne typen tilskot og det har oppstått diskusjonar kring dette og også kome ein del reaksjonar på at ein nyttar midlane til

næringsføremål til slike tiltak. Med to separate budsjettpostar/fond vil ein kunna få rydda opp i desse forholda.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune held fram med målsetjinga om å setja av minst 500 000 kr til næringsføremål i dei årlege budsjetta. I tillegg har ein ei målsetjing om å setja av kr 150 000 til ulike marknads-føringstiltak.

Midlane til næringsføremål skal framleis nyttast primært til infrastrukturtiltak og tilrettelegging for næringsutvikling med vekt på infrastruktur, planarbeid og utvikling av Manger senter. Det vert likevel gjeve opning for tilskot til nødvendige bedriftsutviklingstiltak for verksemder i ein vanskeleg situasjon.

Formannskapet tek framleis avgjerd i bruken av midlane.

15.03.2012 FORMANNSKAPET

Kenneth Taule Murberg (H) gjorde framlegg om følgjande tillegg i 1. avsnitt:
... m.a. til annonsering av næringsareal/utarbeiding av prospekt.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak saman med Murberg sitt tilleggsframlegg.

FS-033/12 VEDTAK:

Radøy kommune held fram med målsetjinga om å setja av minst 500 000 kr til næringsføremål i dei årlege budsjetta. I tillegg har ein ei målsetjing om å setja av kr 150 000 til ulike marknads-føringstiltak, m.a. til annonsering av næringsareal/utarbeiding av prospekt.

Midlane til næringsføremål skal framleis nyttast primært til infrastrukturtiltak og tilrettelegging for næringsutvikling med vekt på infrastruktur, planarbeid og utvikling av Manger senter. Det vert likevel gjeve opning for tilskot til nødvendige bedriftsutviklingstiltak for verksemder i ein vanskeleg situasjon.

Formannskapet tek framleis avgjerd i bruken av midlane.